


# KVIFOR GÅR HUNDREVIS AV UNGDOMMAR TIL ÅTAK PÅ NOKRE FÅ EMOKIDS?

EIT FORSØK PÅ Å FORSTÅ KOLLEKTIV MASSEVALD MOT EMOKIDS I  
MEXICO



Hundrevis av ungdommar var samla den 7. mars i sentrum av Queretaro i Mexico medan dei ropte om att og om att: *Drep emoane!* På YouTube kan ein sjå tre av desse emoane ståande med ryggen mot vegg og motta juling. Mexico har denne våren vorte rysta av fleire tilfelle av massevald mot såkalla *emokids*. Kva kan motivasjonen vera til at så mange ordinære ungdommar går til åtak på unge gutar og jenter med eyeliner, karakteristiske panneluggar og affeksjon for musikk som *My Chemical Romance* og *Fall Out Boy*?

I den seinare tid har me kunna lese om fleire tilfelle av massevald mot ungdommar med tilhørsle til emorørsla (heretter, *emokids*) i Mexico.<sup>1</sup> Rapportane hevdar at desse valdelege utbrota har vorte utført av punkarar, mexicanske gotharar (*darketos*), metallhovud og andre vanlege ungdommar frå dei lågare sosiale og økonomiske sjikt som fann det for godt å gå til fysisk åtak på ei gruppe tenåringsar, som på overflata ikkje synast å einast om anna enn deira musikksmak og klesstil. Det hittil største rapporterte masseslagsmålet fann stad den 7. mars i Queretaro like nord for Mexico City kor omlag 800 ungdommar samla seg på det offentlege utearealet ved namn Glorieta Insurgentes i sentrum av byen for å finna og banka emokids som brukte å ha dette utearealet som eit samlingspunkt. Korleis kan det ha seg at ein så sterk kollektiv vilje kan verta mobilisert i ein brutal og utilitaristisk sett tilsynelatande meiningslaus offensiv mot ungdommar som er litt annleis, men ikkje mykje meir annleis enn kva allereie mange eksisterande subkulturar i Mexico er?

I dette skrivet ynskjer eg å finna opphavet til denne kollektive vondskapen, gjera greie for korleis ei i byrjinga tilsynelatande uskuldig anti-emo haldning har ført til dehumanisering og utfasing av heile subkulturen til ei ut-gruppe, ein Andre – eit lett og tilgjengeleg offer og påstått representant og uttrykk for alt som er feil i det mexicanske samfunnet. Dette handlar ikkje om musikk, eller val av klesstil som så, men om eit systematisk påført vonde på den mexicanske ungdommen, i form av deprivasjon av føresetnadane for å skapa trygge rammer og å planleggja framtida. Eg freistar å visa korleis, og ikkje minst kvifor, emokids i Mexico lir den skjebna at dei frå å verta sett ned på og latterleggjort på tilsynelatande uskuldig vis etter kvart får projisert på seg sydebukkstatus frå ein såra, redd og angstfull generasjon. Dette gjer eg med Arne Johan Vetlesen si bok *Evil and Human Agency* friskt i minnet, og eg vil også røra meg langs perspektiv à la Slavoj Žižek, Dany-Robert DuFour og Pierre Bourdieu.

Vetlesen går i si utgreiing om kollektiv vondskap ut frå blant anna Zygmunt Bauman og Hannah Arendt. Desse tar i hovudsak utgangspunkt i tilfelle av statleg regissert og/eller agitert massevald. Skilnaden i tilfellet med dei mexicanske emokidsa er fråveret av det moderne byråkratiet sin autoritet, som hjå Bauman er vesentleg i forståinga av korleis kollektiv vondskap à la Holocaust kunne skje. I dette tilfellet må ein sjå delvis vekk frå dei gruppepsykologiske mekanismane som det moderne byråkratiet hevdist

å gje grobotn for med tanke på defragmentering av ansvar (Bauman 1989). Delvis, men ikkje heilt, då leiarfigurar som me har sett også i denne samanhengen har skapt aksept for emo-hat gjennom sine uttrykte anti-emo-haldningar, og kan med dette ha vore ein utløyssande faktor for valdsutbrot. Om ikkje deira framferd har vore *den* direkte utløyssande faktoren, så har desse autoritetane i det minste skapt legitimitet og aksept for ei fiendtleg innstilling til emokids.

### Kven er dei?

Før eg går laus på spørsmålet om opphavet til valdsutbrota vil eg innleia med å gjera kort greie for dei involverte

partane i denne konflikten. Å bruka ordet rørsle om emokidsa kan kanskje gje nokre lite passande konnotasjonar i den forstand at ei rørsle gjerne vert karakterisert som ei gruppering som rører seg *for* ei eller fleire bestemte saker av politisk eller ideologisk art. Emokidsa derimot, er ei subkulturell gruppe, konstituert av unge ungdommar utan uttalt politisk vilje, som samlar seg kring musikkjangeren *emo* (og også *emo-dette* og *emo-det*). Ein kan ikkje nekta for at visse haldningar går igjen og at emokidsa delar ein gruppementalitet, men ei politisk eller ideologisk driven subkulturell gruppe som så er det ikkje. Meir presist kan eg seia at emorørsla ikkje er ei rørsle slik eg har karakterisert ei *rørsle*, då den i høg grad manglar ein utadvendt karakter, og den ikkje ynskjer å setja søkjelyset på noko som er bra eller dårleg med samfunnet. Emokidsa manar ikkje til konflikt; deira fokus er på å vera seg sjølv, utan å på nokon måte aktivt gå i konfrontasjon med samfunnet. Dei manar altså ikkje til konflikt, men me skal sjå at deira framferd har vist seg å kunna vera provoserande nok.

Aggressorane er heterogene og multi(sub)kulturelle. Dei framstår som lite samla, men likevel som ei gruppe i den forstand at medlemmane handlar i tråd med dei same gruppepsykologiske mekanismane, agitert av ei offentlegheit i blogosfæren og nettsamfunn kor emohatet florerer. Dei samlast kring eit hat mot emokulturen.

### Bakgrunn for emohatet

Forakt mot emokids i form av tilsynelatande uskuldig spotting og hets av meir eller mindre alvorleg grad hadde funne stad i lang tid før desse valdelege utbrota. Dette skjedde særleg på internett i ymse internettfora, og rett før desse åtaka i antiemogrupperingar med fleire tusen med-

lemmar, kor det vart oppfordra til valdsbruk. Ein kan vel merka seg at emohat, eller i det minste spotting av emokids, kan ein finna i stor skala på internett og etter mi erfaring også i andre arenaer kor meiningsutveksling finn stad. Emokulturen er ein subkultur «alle» elsker å rakka ned på. Det er lett, legitimt og ikkje sett på som særskilt vondsinna å tykkja at det ikkje er kult å vera emo.

Dette massehatet er noko som hovudsakleg har manifestert seg på grasrotnivå. Men i førekant av åtaka kunne ein også finna emofientlege haldningar frå ein representant for styresmakta:

‘We wouldn’t want them to be in the city centre,’ said Hernández, who belongs to the conservative governing National Action Party (PAN). ‘They hurt our image and set a bad example. They should congregate elsewhere, where they don’t hurt the city’s image.’<sup>2</sup>

Like før det omtalte masseslagsmålet starta i Queretaro heldt den særdeles populære VJ-en Kristoff på tv-kanalen Televisa ein hatsk anti-emomonolog.<sup>3</sup> Det at dette førebiletet for så mange unge uttrykte sine haldningar overfor emokids på riksfjernsyn synest å ha verka som ein utløy-sande faktor. Om han ikkje er eit førebilete så sit han i alle fall på ein god dose definisjonsmakt i kraft av sin posisjon. Forakta fekk legitimitet på eit nytt plan då den vart manifestert på riksdekkjande tv av ein nasjonal kulturell autoritet for dei unge, og deretter tok valden til.

### **Mucho Macho Mexico**

Med sine lange panneluggar ned over det eine auget, strame klede, eyeliner på gutar så vel som jenter og i mange tilfelle også skrikande fargar i klesstilen har emokids vorte utsette for ein del homofobiske haldningar. Eit av klegenamna som har vorte brukt om tilhengjarar av emorørs-la er *emosexual*, tydeleg eit ordspel på *homosexual*, særleg med tanke på at bokstaven *h* i ord som homo ikkje vert uttalt på spansk.

‘At the core of this is the homophobic issue. The other arguments are just window dressing for that,’ said Victor Mendoza, a youth worker in Mexico City. ‘This is not a battle between music styles at all. It is the conservative side of Mexican society fighting against something different.’<sup>4</sup>

At emo er *gay*, og at emo er alt mogleg anna som vert ytra i den massive antiemokampanjen meiner eg ikkje av-

dekkjer det eigentlege opphavet til hatet og valdsutbrota. Spottinga er snarare ein prosess kor ofra vert dehumaniserte, ein prosess kor stadig meir inhuman behandling av emokidsa vert legitimert slik at aggressorane får eit eller anna å retta frustrasjonen sin mot, i eit forsøk på å hanskast med ein smerte dei ikkje anar kva dei skal gjera med.

Eg meiner at emohatarane sitt engasjement for utrydding og/eller nedknebling av subkultur vert eit desperat forsøk på å kanalisera systematisk påført smerte av noko abstrakt karakter (abstrakt i den forstand at valden sin avsendar, systemet, kor innehavaren av ansvaret ikkje lar seg enkelt denotera, marknaden er ein organisme utan hovud) over på ei konkret gruppe. Eg meiner ein kan samanlikna situasjonen med tilfelle kor andre, etniske grupper eller rasar som har vorte definerte som ut-grupper, dehumaniserte og pålagt skuld i den elenda samfunnet måtte vera i. Eg ynskjer ikkje på nokon måte å sidestilla masseaggresjonen og hatet mot emokids med den ovanfrå og ned agiterte kollektive forfylginga av til dømes jødane under Holocaust. Men likskapstrekk kan eg likevel finna ved å skissera opp raskt kvifor jødane vart lidande under den grusomme skjebna som var Holocaust. Tyskland etter fyrste verdskrigen var ein såra nasjon, dei fekk meir eller mindre ufortent skulda for krigen, hamna i eit økonomisk uføre, og eit stort tal drepane menn i frontlinjene førte til oppløyste familiar. Tilstanden var ikkje heilt grei. Det Hitler gjorde var å lokalisera problema hjå ei høveleg ut-gruppe i det tyske samfunnet, ved å peika på grupper som allereie var offer for større eller mindre grad av kollektiv forakt (jødar, sigøyantarar m.m.), som årsak til elendet. Dermed var dehumaniseringsprosessen og valden i gong, aukande proporsjonalt med kvarandre – krystallnatta, gule stjerner, deprivering av rettar, konsentrasjonsleirane og resten av historia kjenner me.

### **Neoliberalistisk nedbryting av kollektive strukturar i postmoderniteten**

Mexico er i dag eit samfunn prega av ein særdeles stor majoritet unge, som vert neglisjert i den offentlege debatten. Edgar Morin ved Universidad Nacional Autónoma de México hevdar at etter det omstridde presidentvalet i 2006 kor Felipe Calderon Hinojosa frå det økonomisk liberale Partido Acción Nacional stakk av med seieren har misnøya blant ungdommen tatt til i styrke.<sup>5</sup> Den sigrande kandidaten er i stor skala vorten skulda for valfusk, og den økonomiske politikken hans har ført til ein stadig meir fleksibel, og dermed usikker, arbeidsmarknad.

Den neoliberale ideologien som ligg til grunn for

den stadig friare marknaden me har i dagens globaliserte samfunn bidrar til å bryta ned kollektive strukturar som i lang tid har vore ansvarlege for subjektet sin andre, som konstituerande for subjektet si identitetsskaping. Ein skal fullt og heilt vera seg sjølv, det er ikkje godt nok lenger å vera den familien ein har vakse opp i, området ein bur i, garden eller fabrikk generasjonar har arbeidd på i så mange år. Desse kollektive strukturane som før definerte vår eksistens har vorte brotne ned, dei *var* vår andre. Den særdeles abstrakte entiteten marknaden prøvar i det postmoderne å ta over dei tidlegare kollektive strukturane si rolle som ein ny andre.

The subject is no longer defined by neurotic guilt (Freud), but by something akin to a feeling of omnipotence when things go right and total impotence when they do not. In short, shame (towards oneself) has replaced guilt (towards others). Lacking points of reference that can serve as a basis for symbolic exteriority and anteriority, the subject is unable to deploy himself adequately in space and time. He is trapped in a present moment in which everything is taking place. Relations with others become problematic because his personal survival is always at stake. If everything is decided in the present moment, then projection, anticipation, self-appraisal and introspection become problematic. The individual's whole critical universe is affected... The new individuals are abandoned, rather than free. That is why they are such easy prey to whatever appears to satisfy their immediate needs and sitting targets for such a powerful mechanism as the market. (Dufour, Dany-Robert, sitert i Vetlesen, 2005, s. 292)

Kombinasjonen mellom det nye individet si søking etter noko å basera sin identitet og eksistens på og marknaden si stadige fokusering på å oppnå ein fullkommen tilstand gjennom konsumpsjon er ein farleg kombinasjon. Ved tapet av den andre står subjektet fullt og heilt som ansvarleg for sin eigen eksistens. Ungdommen i den seine moderniteten eller det postmoderne samfunnet tar til seg ideal frå marknaden som oppfordrar til konsumpsjon for å verta den ein helst vil vera. Men i det marknaden prøvar å ta rolla som den andre frå dei tidlegare kollektive strukturane mislukkast den sidan den ikkje fungerer som eit referansepunkt, då den er utopisk i si tilnæringsform. Den delar ikkje dei medmenneskelege eigenskapane som andre medsubjekt

kan tilby. Marknaden kan difor ikkje tilby realistiske referansepunkt.

The market is of no use as a new Other, since it thrives on structurally eroding and ideologically ridiculing the very properties that an entity would require in order to function as the individual's Other – namely, marking limits by highlighting the vulnerability that defines human beings and the dependence on the Other of humanity (outer nature) and on human others, the twofold dependence that reminds us who we are by reminding us that *not everything is possible*, that what is most important in our lives is not to be had by instant gratification. (Vetlesen, 2005, s. 292)

**Spottinga er snarare ein prosess kor ofra vert dehumaniserte, ein prosess kor stadig meir inhuman behandling av emokidsa vert legitimert slik at aggressorane får eit eller anna å retta frustrasjonen sin mot, i eit forsøk på å hanskast med ein smerte dei ikkje anar kva dei skal gjera med.**

Med dette grunnlaget kan ein då gå vidare og sjå at i den situasjonen kor subjektet mislukkast, står det aleine, fullt og heilt ansvarleg for sin eigen eksistens og tilstanden til denne. Fråveret av tryggleik i eige tilvere, og den sårbare kjensla som dette medfører, resulterer i eit ynske om å kanalisera smerta mot emokidsa i eit forsøk på å få kontroll over situasjonen. På sett og vis eit klassisk tilfelle av å rakka ned på andre for å hevda seg sjølv, i dei situasjonar kor ein høveleg andre som konstituerande for eigen identitet ikkje er å finna.

Det som virkelig får risikosamfunnet til å gå i vranglås er gapet mellom kunnskap og beslutning: Det fins ingen som «virkelig vet» hva som må gjøres, situasjonen er radikalt «umulig å avgjøre», men likevel *må vi bestemme oss*. Problemet er dermed ikke at det er et tvunget valg (jeg er fri til å velge, så lenge jeg gjør det riktige valget), men det motsatte – valget er faktisk fritt, og nettopp derfor oppleves det som mye, mye mer frustrerende. Vi stilles konstant overfor avgjørelser som vil få store konsekvenser for livene våre, uten at vi har kunnskapen vi trenger for å ta dem. Denne tvangen til å velge fritt oppleves langt fra frigjørende, og føles heller som angstutløsende, obskøn gambling, en slags ironisk reversering av nådevalget: Jeg blir holdt ansvarlig for avgjørelser som jeg ble tvunget til å ta uten skikkelig kunnskap om situasjonen. Valgfriheten individet i «risikosamfunnet» nyter er ikke friheten til en som kan velge sin skjebne fritt, men den angstfulle friheten til en som konstant er tvunget til å velge uten å kjenne til konsekvensene. (Žižek, 2005)

Det biletet som vert skissert opp frå ulike vinklar av DuFour, Vetlesen og Žižek fungerer godt som ei skildring

av Mexico i dag, særleg etter valet i 2006. Den store massen av unge har fått ein endå usikrare arbeidsmarknad, og tilbod om utdanning og andre høve for ungdom til å sysla med meiningsfull aktivitet har vorte vesentleg forverra. Den jamne unge mexicaner veit ikkje kva han skal gjera for å koma ovanpå. Marknaden kjem med ei mengd forslag til løysingar, men deira resultat er utopiske; marknaden klarar ikkje å tilby han noko å basera sin eksistens på. Ei overskueleg framtid er ikkje å finna i ein horisont full av øyer med dei utopiske lovnadane som marknaden tilbyr. På ei av desse øyene skal eit land av mjølk og honning vera å finna, men i plassen står han framføre eit nytt tilfelle av øyhopping så snart han landar på ei øy kor han heller ikkje kan finna tryggleik. Han vel sjølv kva øy han vil dra til, valet *er* fritt. Han står fri til å velja kva bingobrett han vil.

### Avslutning

Så, kvifor vert/vart denne med det fyrste tilsynelatande meiningslause massevalden legitimert innanfor og utført av ei så stor og heterogen gruppe?

Fyrst og fremst meiner eg at dette er ein reaksjon på systematisk vald sett i live ved dei liberale økonomiske tilstandar som Mexico delar med stadig større delar av ei globalisert verd. I eit samfunn kor individet sjølv vert ansvarleg for sin eigen eksistens fører dei utopiske ideal skapt av marknaden til angst, då ideala er nett det: utopiske, uoppnåelege. Det er alltid mogleg å søkja noko betre, og det vert presentert som så mogleg at det å ikkje klara å ta tak i alle dei flytande og skiftande ideala presentert av marknaden kan gje ei kjensle av impotens. Dette i plassen for den måten ei identitetssøking inspirert av eit kollektiv *qua* familie, nærmiljø og/eller arbeidsplass kan gje mål som er realistiske og som kan stadfestast på førehand. Ein skal no

vera seg sjølv utan å skulle støtta seg på eit nettverk, eller eit samfunn kor ein kan få ei tilstrekkeleg forståing av det moglege utfallet av sine handlingar. Det er eit risikosamfunn; den mexicanske ungdommen har som fylgje av den neoliberale ideologien fått forverra sine høve til å planleggja framtida si, i den forstand at fokuset på profit har ført til at arbeidskontraktar stadig oftare er på korttidsbasis, og stadig fleire arbeider (om dei arbeider i det heile) på arbeidsplassar som ein ikkje kan identifisera seg med, kor det er vanskeleg å finna eit fellesskap blant kollegaer som stadig går inn og ut av stillingane sine. Det seine moderne samfunnet, eller det postmoderne, flyt.

Korleis skammen over ein sjølv har erstatta det å vera skuldig til andre er vesentleg, då mangelen på høve til å forstå seg sjølv, sin situasjon og korleis ein kan løysa dei problema ein har fører til at ein flyttar sine problem over på ei anna gruppe, i dette tilfellet emokidsa. Eit samfunn prega av så markant fråvere av tryggleik er ei kruttønne, fordi aktørane i samfunnet risikerer å kasta seg på kva som helst som kan gje lovnad om sikring av situasjonen og å få konstituert identiteten sin. Kva som helst i dette tilfellet er håpet om å koma ovanpå ved å gje ei anna gruppe skulda, og straffa, for sin eigen impotens. Emokidsa har lidd under den skjebna å fyrst verta spotta, å verta gjevne kallenamn, utsett for degraderande vitsar og gradvis gå frå å vera likeverdige menneske til å meir og meir verta identifiserte med manglar, manglar som er projiserte på dei frå avsendarane, manglar som fyrst manifesterer seg *hjá* avsendarane. Noko er gale, kvifor noko er gale er det ikkje lett å vita, samfunnet flyt, difor er det (tilsynelatande) ei løysing å kasta seg på å prøva å finna litt stabil grunn å stå på ved å identifisera feilen *hjá* ei anna gruppe og straffa denne for den skulda dei har fått projisert på seg.

### NOTER

- 1 <http://www.time.com/time/arts/article/0,8599,1725839,00.html?xid=site-cnn-partner>, aksessert 12.04.2008.
- 2 <http://www.ipsnews.net/news.asp?idnews=41913>, aksessert 12.04.2008.
- 3 <http://blogs.laweekly.com/ladaily/letter-from-mexico-city/notes-from-indie-and-punk-show/> (oversetting til engelsk frå denne spanskspråklege videoen: <http://www.youtube.com/watch?v=XEQshjri6P8> ), aksessert 12.04.2008.
- 4 <http://www.time.com/time/arts/article/0,8599,1725839,00.html?xid=site-cnn-partner>, aksessert 12.04.2008.
- 5 <http://www.jornada.unam.mx/2008/03/21/index.php?section=sociedad&article=032n1soc>, aksessert 12.04.2008.

### LITTERATURLISTE

- Bauman, Z. 1989, *Modernity and the Holocaust*, Polity Press, Oxford.  
 Bourdieu, P. 1998, *Utopia of Endless Exploitation*, <http://mondediplo.com/1998/12/08bourdieu>, aksessert 17.04.2008.  
 Dufour, D. 2001, *The Individual in Disarray*, [http://www.tysknews.com/Articles/individual\\_in\\_disarray.htm](http://www.tysknews.com/Articles/individual_in_disarray.htm), aksessert 15.04.2008.  
 Glover, J. 1999, *Humanity*, Pimlico, London.  
 Vetlesen, A. J. 2005, *Evil and Human Agency*, Cambridge University Press, Cambridge.  
 Winlow, S. og Hall, S. 2006, *Violent Night*, Berg, Oxford.  
 Žižek, S. 2005, *Hatet mot Annetheten*, <http://www.lmd.no/index.php?article=717>, aksessert 12.04.2008.